

Styremøte 3_2023

Naustdalshallen 25.04.2023, kl 20:00.

Til stades: Anne Sofie, Pål Arve, Anne Karin, Sigrid, Andre, Siss-May

Sak 12/2023

Godkjenning av samarbeid mellom Marit Årdalsbakke, Tambarskjelvar IL, og Idrett uten alkohol.

Avtalen er so langt styret kan sjå ikkje i konflikt med Tambarskjelvar IL sine avtalar.

Tambarskjelvar IL ynskjer Marit lykke til med samarbeidsavtalen med Idrett Uten Alkohol. Signert avtale vert returnert til Marit.

Sak 13/2023

Instedalen skianlegg as: Innkalling til årsmøte/generalforsamling 10.mai kl 19:30, Dalen næringsssenter. Styret må møte med to representantar til årsmøtet/generalforsamlinga.

Tambarskjelvar IL må fremme kandidat til valnemda. Pål Arve tek kontakt med Ruth Signe Bruflot som sit i valnemda frå Instedalen krins, deretter kontaktar vi aktuelle kandiatar.

Sak 14/2023

Vi drøfta innspela som kom opp på årsmøtet for å få opp aktiviteten i idrettslaget. Vi kallar inn til eit fellesmøte mellom gruppeleiarane og styret 7.september for å arbeide med dette.

Vi var innom desse tema i vår drøfting: Kampanje for å verve trenarar; Trenarseminar. Open hall/allidrett for ungdom. Kurse oss saman i *Styrearbeid i praksis* som NIF tilbyr der vi høyrer om nokon frå Idrettskrinsen kan kurse oss her i Naustdal. Involvering i gruppene sitt arbeid. Evaluering av årshjul saman med allidretten (barneidretten og idrettsskulen).

Sak 15/2023

Årshjul for hovudlaget (på sikt klubbhandbok). Athina har lagd eit utkast som vi vil arbeide vidare med. Førebels har vi bestemt desse datoane:

- Styremøte hovudstyret 24.august kl 20:00.
- Fellesmøte med gruppene 7.september kl 19:00.

Vi legg inn i planen møte ein gong per månad, med gruppene annakvar månad (ev at nokon av oss får delta på gruppene sine møter/deler av deira møter).

Vi må legge inn i planen kor tid vi skal ha open hall (kvar/annakvar fredag?) for ungdom, og kven som er ansvarleg kvar gong.

Sak 16/2023

Vektløftargruppa har behov for utviding av areal og har skissert bruk av lageret ved hallen (delar av det gamle vektløftarrommet). Vi skipar til eit møte med kommunen, skulen og vektløftargruppa kring dette. Vi tek ikkje stilling til søknad om utstyr før vi har hatt dette møtet.